

Referat frå møte i elevrådet 18.oktober 2018

Stad: Møterom i 1.etasje

Tid: Torsdag 18.oktober kl.11.45 – 12.30

Til stades:

2.kl: Emina 3.kl: Olivia og Kevin 4.kl: Isak
5.kl: August og Tuva 6.kl: Mathias 7.kl: Viljar

Sak 1 Saker frå klassene

- Golfkøllene er knekt. Vi ynskjer oss nye, sterkare golfkøller
 - o Ynskjet vert vurdert i samband med anna leikeutstyr som skal kjøpast inn
- Kan den grå betongveggen malast?
 - o Rektor trur ikkje at det er mogleg grunna vedlikehald. Men ho skal spørje vaktmeisteren for sikkerheits skuld.
- 4.klasse:
 - o Felles reglar for smatchball og bomgøymse
 - o Minne på at det ikkje skal sparkast fotball i uteamfiet
 - o Ikkje erte folk fordi dei er annleis / mindre
 - o Blink på bergveggen til å kaste snøball på
 - o Merking av mål må respekterast av alle klassane. Det vert ikkje alltid gjort no.
- Fleire nemner at dei ynskjer klasseball
 - o Rektor skal sjå til at det kjem på lista over ynskje om innkjøp
- Elevane synest det var dumt at dei ikkje fekk «klipp» på kortet i samband med fjellturen i haust
- Kan vi få ei ballpumpe i leikeskuret?

Sak 2 Korleis tek vi vare på egne, andre og skulen sine eigendelar?

- Mange teiknar med stein på veggane
 - o Det er strengt forbudt. Da vert veggane øydelagt.
 - o Framlegg om at det vert laga «skilt» / oppslag om dette rundt omkring